

Sjøauren et mest frå vassoverflata

Analyse av mageinnhald hos sjøaure (*Salmo trutta*) på Skagerrakkysten viser at denne ettertrakta sportsfisken tek mykje av føda si frå vassoverflata. Det vart funne insekt i dei fleste magar, og det var myggen som dominerte. Deretter fylgde fisk med sild eller brisling, tangkutling og tobis som dominerande. Frå strandsona er krepsdyr og børstemark ein viktig del av menyen. Den yngste fisken er flittigast i matfatet og han gjer seg godt nytte av føda. Sjøauren som vandrar ut som smolt, siness å tre-firedobla vekta si i løpet av tre sommarmånader i sjøen.


Sjøauren liknar i levevis mykje på laksen, men vandrar stort sett berre ut i fjord- og kystområda. Fisken dannar ei rekkje former eller underarter og er kjend frå Kvitsjøen til Nord-Spania. Denne fisken er vel tilpassa gyting i alt frå svært små bekkar til store elvar, og er no fyrst og fremst ein populær sportsfisk i ferskvatn og sjø.

Det har lenge vore kjent at opphaldet i sjøen har mykje å seia for næringsopptaket og veksten til sjøauren. Kunnskapen skriv seg stort sett frå utalandske undersøkingar. Langs norskekysten er det gjort få studiar av sjøauren sitt liv i sjøen.

Dei yngste et

For å retta litt på dette sette Havforskningsinstituttet, Forskningsstasjonen Flødevigen i gang fangst av sjøaure ved Arendal. Det blei brukt landnot og botngarn med storuse frå mars til oktober i 1993, 94 og 95. Totalt vart det fanga og undersøkt 497 fiskar. Det vart teke flest 3-åringar, men også mange 2- og 4-

åringar. 285 eller 57 prosent av fiskane hadde mat i magen. Det kan sjå ut som dei minste fiskane er flittigast i matfatet. Mindre enn 30 prosent av 2-åringane hadde tom mage, medan omlag 60 prosent av fisken som var 5 år eller eldre, vart fanga utan mat i magen. I juli, august og september hadde 80 prosent av fiskane mat i magen. I



Biletet viser forholdet mellom ulike byttedyr i auremagar. Insekta dominerer og forskarane fann insekt i 160 av 285 undersøkte magar.

sommarmånadene hadde sjøau-
ren omlag dobbelt så mykje føde
i magen som i dei andre
månadane. Undersøkinga
stadfestar at denne perioden er
svært viktig for sjøauren når det
gjeld ernæring. Mykje av grunn-
laget for vekt- og lengdeauken
skjer i denne tida. Sjøaure-
smolten tre-firedoblar vekta og
veks 7-8 cm på tre månadar om
sommaren.

Vidt spekter av byttedyr

Undersøkinga viser at sjøauren
har eit vidt spekter av byttedyr.
Mange ulike insekt, med mygg
som det mest talrike, dominerer
i antal. Det vart funne insekt i
160 av 285 magar. Det viser at
sjøauren tek mykje av føda frå
vassoverflata. Men vi finn også
fisk og krepsdyr som lever i
strandsona og sild, brisling og
tobis i dei frie vassmassane. Fisk
av ulike artar finst i 131 magar,
medan krepsdyr er i 115 magar.


Veks opp i grunntvassområda

Undersøkinga viser at
grunntvassområda i fjordsystema
er viktige oppvekstområde for
sjøauren. Områda vert dominert
av sjøaure som har vore 1-2 år i
sjøen, med ei gjennomsnitts-
lengde kring 30 - 40 cm. Her finn
fisken eit stort mangfald av føde
og gode gøymestader. Den store
sjøauren finst sjeldan i
grunntvassområda, på Skagerrak-
kysten vert den helst fanga ytst i
skjærgarden, heilt ut mot havet.

*Du kan lese meir om sjøauren i
"Fisken og havet" nr. 29/96.*



*Tilgang på føde hos sjøaure i sjø. Det vart registrert kor mange
fiskar som hadde mat i magen. Det viser at tilgangen på føde er
best i juli, august og september.*



*Den minste sjøauren, som er fyrste sommaren i sjøen, har best
tilgang på føde eller et flittigast. Dess eldre og større fisken vert,
dess fleire aurar har tome magar.*

Kontaktperson: Jakob Gjøsaeter, Havforskningsinstituttet, Forskningsstasjonen Flødevigen ,
4817 His. Tlf: +47 37059000. Faks: +47 37059001. E-post: Jakob.gjoesaeter@imr.no .

Havforskningsinstituttet informerer også på Internett: <http://www.imr.no>